

Kvar skal reinsestasjonen ligga?

22.10.2006



Reinsestasjonen er tenkt lagt like sør for vegen over til Flatholm. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvar reinsestasjonen for kloakk i Uskedalen skal ligga, blir truleg eit heitt tema framover. Etter det uskedalen.no veit, opererer kommunen med to alternativ, baa på Neset og like sør for vegen over til Flatholm. Det eine alternativet er på land og det andre tett ved, litt uti evja i Holmsundet.

Ut frå reinsestasjonen er det føreslege seks leidningstrasear, alle lagt i sjøen. Ein av dei er utsleppsleidningen, som endar utanfor sørspissen av Flatholm.

Grunneigarar i det aktuelle område er Mariann Pedersen, Dag Hermansen og Trygve Hermansen. Dei har no fått planane og i følgjeskrivet gjer kommunen det klårt at forslaget berre er på eit skissestadium i prosjekteringa.

Dag Hermansen finn det positivt at det blir teke eit krafttak for kloakkreinsing også i Uskedalen, men han reagerar på den føreslegne plasseringa.

Til uskedalen.no peikar han på at dette er et LNF-område og meiner at det må finnast betre og meir miljøvennlege løysingar, til dømes på Børnes eller der Eikelva kjem ut.

- Kvifor leggja stasjonen så tett på sentrum når det er andre moglegheiter for plassering, undrast han.

Han undrast og på om det blir luktplage og om slammet må transporterast med bil frå reinsestasjonen. Det siste vil gjera det naudsynt å utvida den private vegen så langt som 600 meter. Det blir også naudsynt å kryssa den mest nytta turvegen i Uskedalen.

På Børnes og Eiklandet er det ikkje noko problem å komme til med store bilar frå hovudveg.

Av Ola Matti Mathisen



Dette er skissa som kommunen no har sendt ut, med leidingstrasear ut frå ein reinsestasjon ved Holmsundet.